



# STRYN KOMMUNE

## MØTEBOK

| SAK       | ORGAN                          | MØTEDATO   |
|-----------|--------------------------------|------------|
| TS 042/14 | Sektorutval for tekniske saker | 29.04.2014 |
| FO 070/14 | Formannskapet                  | 14.05.2014 |
| KS 032/14 | Kommunestyret                  | 21.05.2014 |

**Avgjerd av:** Kommunestyret  
**Sakshandsamar:** Jan Bakke Flore

**Ref:** 14/527 -1      **Ark.** M00

## Godkjenning av VA-norm og Overvassnorm

### Presentasjon:

Avdeling for kommunalteknikk har i lag med resten av Nordfjord kommunane, med unntak av Gloppe, utarbeidd felles VA-norm og Overvassnorm.

VA norma representerer førehandgodkjente løysingar på korleis dei kommunaltekniske anlegga skal utformast. Det blir i stor grad vist til Stiftelsen VA-Miljøblad/Norsk Rørsenter sine VA-miljøblad for detaljutforming av ulike anleggsdelar.

Bruk av alternative løysingar/materiale er ikkje forbode, men i slike tilfelle skal desse godkjennast særskilt av VA ansvarleg i kommunen.

VA-norma for Nordfjord kommunane er basert på NORSK VANN sin mal.

### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

#### Generelle lover

- Plan- og bygningsloven
- Teknisk forskrift
- Forskrift om byggesak
- Forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- og anleggsplasser "Byggherreforskriften"
- Sanitærreglement administrative og tekniske bestemmelser

#### Vassforsyning

- Lov om vassdrag og grunnvann (Vannressursloven)
- Forskrift om sikkerhet og tilsyn med vassdragsanlegg
- Forskrift om vannforsyning og drikkevann (Drikkevannsforskriften)
- Forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn
- Veileddning til forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn
- Forskrift om internkontroll for å oppfylle næringsmiddellovgivningen (IK-MAT)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (Produktkontolloven)

#### Avløp

- Forurensningsloven

- Forskrift om begrensning av forurensning - Del 4. Avløp
- Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav
- Lov om vassdrag og grunnvann (Vannressursloven)

#### **Anna**

- Forskrift om begrensning av forurensning - Del 1. Forurensset grunn og sedimenter - Kapittel 1. Tiltak for å motvirke fare for forurensning fra nedgravde oljetanker
- Forskrift om begrensning av forurensning - Del 1. Forurensset grunn og sedimenter - Kapittel 2. Opprydding i forurensset grunn ved bygge- og gravearbeider
- Forskrift om begrensning av forurensning - Del 6. Forurensning til vassdrag og det marine miljø fra skipsfart og andre aktiviteter - Kapittel 22. Mudring og dumping i sjø og vassdrag
- Forskrift om utførelse av arbeid
- Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter
- Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven)
- Forskrifter fra arbeidstilsynet
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)
- Forskrift om miljørettet helsevern
- Kommunenes sentralforbunds forslag til anskaffelsesinstruks for kommuner og fylkeskommuner
- Forskrift om begrensning av forurensning - Del 4. Avløp - Kapittel 11. Kommunale vann- og avløpsgebyrer
- Lov om kulturminner (§ 9: Tiltakshaver har undersøkelsesplikt i forhold til forminner)
- Veglov
- Vegvesenets håndbok 018 - Vegbygging (utgitt av Statens Vegvesen)
- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg

#### **Aktuelt sakstilfang:**

#### **Vedlagt saka:**

- VA-norm Nordfjord 9.april.2014
- Overvassnorm Nordfjord
- Overvassnorm Nordfjord vedlegg 1
- A1 Kabel og VA grøft
- A2 Stikkleidningar vatn
- A3 Stikkleidningar avløp
- A4 Grunnvassperre
- A5 Baioløsing
- A6 Isolering av kum
- A7 Steinfang kum

#### **Saksopplysningar:**

Normene inneholder dei tekniske krava som kommunen har vedtatt for å sikra teknisk kvalitet med omsyn til overordna målsetjing i planar og rutinar når kommunen skal eige, drive og vedlikehalde VA-anlegg.

Normene blir lagt til grunn for krav i samband med utbyggingsavtalar i kommunen.

Eit VA-anlegg må i tillegg til å tilfredsstille desse krava, også tilfredsstille krava i Plan- og bygningslova om godkjennung og kvalitetssikring.

Kommunalteknisk VA-norm gjeld for alle VA-anlegg, dvs. både kommunale anlegg og anlegg som blir bygd ut av private aktørar for deretter å bli overtatt av kommunen/VA verksemda i samsvar med §18.1 i Plan og Bygningslova (PBL). Det er med bakgrunn i

eigarråveldet over eigne anlegg kommunen/VA verksemda gir desse reglane for korleis dei kommunaltekniske anlegga skal utformast.

Målsetting med overvassnorm er å bevisstgjere kommunale- og private utbyggjarar om overvassproblematikk og overvasshandtering.

Hovudprinsippet som er lagt til grunn er at overvatn i størst mogleg grad skal takast hand om lokalt, slik at vassbalansen vert oppretthalden tilnærma lik naturtilstanden. Ein skal også søke etter å gjere overvatn til eit positivt element til glede for innbyggjarane i nærmiljøet, i form av å gjere vatnet synleg og tilgjengeleg.

#### **Vurdering:**

Stryn kommune har ikkje tidlegare hatt ei fullverdig VA-norm. Denne er no utarbeidd i lag med dei fleste andre av Nordfjordkommunane noko som sikrar likehandsaming frå kommune til kommune.

VA-norm er inndelt på ein slik måte at ein har felles vilkår som gjeld alle kommunar og som følger mal frå Norsk Vann, og lokale bestemmelsar som kan vere like eller ulike mellom Nordfjordkommunane.

VA-norm og Overvassnorm bidrar til å sikre at anlegg som skal eigast og driftast av kommunen har korrekt utforming/utføring og dokumentasjon.

I lovverket er handtering av overvatn definert som avløpsvatn, men det er likevel såpass omfattande at ein har valt å lage ei eiga norm for overvasshandtering i staden for å ta det som ein del av VA-norm.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. VA-norm og Overvassnorm inkludert vedlegg i denne sak blir godkjent som dei ligg føre.
2. Teknisk sjef får fullmakt til å revidere VA-norm og Overvassnorm med vedlegg.

#### **Handsaming i Sektorutval for tekniske saker 29.04.2014.**

#### **TS-042/14 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

#### **Handsaming i Formannskapet 14.05.2014.**

#### **FO-070/14 Vedtak:**

Sektorutval for tekniske saker sitt framlegg samrøystes tilrådd.

## **Handsaming i Kommunestyret 21.05.2014.**

### **KS-032/14 Vedtak:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

---

**Sign.**

Per Kristian Storevik  
- sekr.-

### **Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:**

Avdeling for byggesak og regulering  
Avdeling for kommunalteknikk